



# KYRKJEBLADE

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

---

Nr. 2

April 1980

34. årg.

---

### Det år som var og er

Tone: Av høyheten opprunnen er.

Det år som var, er bleknet bort  
i mørke vinternatt så fort  
og kommer ei tilbake  
Men i vårt hjerte er det gjemt  
med minner som ei kan bli glemt;  
vi måtte her forsake.  
Enhver, vi er, her på ferden, i den verden  
Gud har givet: jord og himmel, lys og livet.

Vår Fader, store skapermakt,  
i sannhet har tilrettelagt  
vår tid og vei til ende.  
Og nyttårsdagen fager rann,  
så morgenrød på hav og land,  
Han nåderik oss sende.  
I gry, fra sky, over døde enger øde,  
våren kommer! strålende med sol og sommer.

A. Jensen

---

## Kyrkjeleg fellesråd

Det vart i kommunestyremøte den 18. mars i år vedteke å skipa eit kyrkjeleg fellesråd for sokneråda i Vaksdal. Ei nemnd hadde på førehand arbeid med denne saka og gått inn for ei slik løysing. Fellesrådet vil verta samansett av ein representant frå kvart sokneråd saman med soknepresten og ein representant frå formannskapet. Ordføraren er her vald med Birger Olsnes som varamann. Kva oppgåver får så eit slike fellesråd? Etter lova er fellesrådets oppgåver saker som angår kyrkje og kyrkjegard, men ofte vil det vera naturleg å ta seg av saker som er av felles interesse for kyrkjelydane i kommunen.

For kommunen vil det vera enklare å ha kontakt med eit fellesråd enn seks ulike sokneråd. Samstundes skulle det kunne avlasta sokneråda for fleire oppgåver. Det gjeld særleg tilsyn med kyrkje og kyrkjegardar og oppfylgjing av desse saker. Det kan vera mykje tidkrevande, og saksgang, utgreiingar og budsjett kan ofte vera vanskeleg å få oversyn over. Dette har gjort at mange av dei oppgåvene som sokneråda etter lova er pålagt, er kome inn i meir eller mindre tilfeldige ordningar. Det seier seg sjølv at dette ikkje er noko god ordning.

Eit fellesråd vil ikkje vera i stand til å løysa desse oppgåvene utan vidare. Det er av stor verd at det er ein som kan førebu og fylgja opp sakena som kjem opp i fellesrådet. Eg kan ikkje sjå det annleis at det vil vera vanskeleg å få fellesrådet til å fungera etter si hensikt utan at det kjem

ein felles kyrkjeverje som kan ta seg av desse sakena. Me får vona at og denne sida av saka kan løysast med det fyrste så fellesrådet kan verta til eit tenleg organ.

Magne Steinnes.

### Til veslegut

*Kan eg ei stund få kvila  
i di reine barneverd  
der Jesus sjølvsagt lever  
og hjelper om me ber.*

*Må Gud deg støtt bevara  
i di sterke barnetru.  
Eg veit du vel vil fara  
om han får med deg bu.*

*Takk Gud for tru og tryggja  
på veslegud sin veg.*

*Hjelp meg å aldri skyggja  
for vegen heim til deg*

*Innsendt av «bøstemor».*

### Blomar som aldri visnar

Eg minnest frå ei gravferd. Ein eldre mann hadde ordet. Han sa at den som var lagd i grava mange gonger hadde teke imot han med eit godt smil og eit varmt handtrykk. Det hadde gjort så godt. Han karakteriserte det som blomar som aldri visnar.

Og han kom med ein appell: Lat oss strø blomar på vår veg, blomar som aldri visnar: Eit godt smil og eit varmt handtrykk. Ja, det kan vera mykje kjærleik i dette, og kjærleiken er størst, skriv Paulus.

Så stakket er livet her nede, så forstår vi dog ei, av sol og av smil å sprede et vell på hverandres vei.

Håkon Helle.

### KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidrarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 15,00 for året.

Eksped. og trykk:  
Øystese & Co. Trykkeri  
5610 Øystese. — Tfn. 55045

ved deira side, trufast alle dager, dei tunge og dei lette.

Ved veis ende ventar sigersprisen  
kvar ærleg stridsmann, liten eller stor  
teller ingenting.

Velkommen heim, ingen angrer, kruna  
var verdt kampen. J. B. H.

### Markene er kvite

Marit Sandal har no reist ut til sin tredje periode som misjonær i Etiopia. Det er vanskelege tilhøve i Etiopia no for dei innfødte kristne. Men det er til stor hjelp at misjonen er der.

Eg spør Marit Sandal litt om tilhøva og kva ho gjer der ute i det framande landet.

— Det er til dels forfylgjing av kristne.

Som vi veit er det eit nytt politisk system i Etiopia og no skal folket påverkast med det syn styresmaktene har.

— Kva gjer du så der ute?

— No skal eg vera leiar for ein helseassistentskule. Det trengs helsearbeidarar til institusjonane våre.

Marit har no vore i Etiopia i 9 år så ho er godt kjent med folket og landet.

— Kor lenge varer ein periode?

— Det er fire år no.

Fire år i eit framandt land. Kva er grunnen til at så mange norske misjonærar har reist ut til framande land? Eg trur eg veit grunnen til det. Det er evangeliet som har gjort dette. Evangeliet har fått verka syn for den naud dei er i som ikkje har høyrt om frelsa og Jesus. Men dei treng forbón og støtte frå folk her heime. Eg takkar for samtaljen og ynskjer lukke til arbeidet for Guds rike.

D. L.

### Ein ung stridsmann

Det var helst lite frammøte på bedhuset den kvelden av lett forståelege grunnar. Møtet fortsatte med vitnemøte, og fleire nutta høvet til å sei det som låg på hjarta. Ein ungdom merkte seg ut for meg personleg. Han var nærmast for barn å rekna. Han las heile ungdomssangen: «Jeg er en kristen og vil det være, til sol og måne ei skiftes mer. Jeg er en kristen, det er min øre, om hele verden så av meg ler».

At det kom frå hjarta tvilar eg ikkje på, det kom så truverdig. Gud styrkje deg, sukka mi sjel. Hadde han rekna omkostningane? trur eg ikkje. Dertil var han for ung og urøynd. Men eg veit: fortset han i det sporet han las om, får han kjenna at det kostar å vera ein ringe stridsmann i Herrrens hær. Han får oppleva det mange har opplevd at den som vil leva gudfryktig i denne verda, vert lite forstått.

Jesus førebudde sine på dette, med det alvor og den varme som bare han kunne. Men så har han lova å stå

## „Eg veit det likevel!”

I sin bestseljar frå 1937 «Spenningens land» fortel biskop Berggrav på sin fengjande måte frå si bispegjerning i Nord-Norge:

«En gang holdt jeg på å gjøre noe riktig galt. Det var i T-fjord. I anneksene blir det aldri leilighet til å ha egen barnegudstjeneste. Vi må ta «overhøringen» av barna midt inne i den voksnede gudstjenesten. Da synes jeg synd på barna. De blir likesom ikke regnet med, før de plutselig etter prekenen skal frem og være centrum. Og så betrakter de voksnene sig som løst fra andaktspreget og er nu bare «publikum», nesten dommere, i allfall huskere — de biter sig kraftig merke i hvem som svarer og hvad de sier. Det er lett å forstå at barna blir forlegne. En gang stakk det mig da jeg begynte en slik samtale, og så spurte jeg aller først: «Når dere nå står her på kirkegulvet med hele denne voksneflokken sittende til å høre på — si mig, hvad er dere nå?» (Upedagogisk formet!) Sjenerete, var det straks et par som svarte. Og dermed var banet løst, for vi lo alle sammen.

Men ofte er det som å gå på ski i klabbeføre uten smøring, de svarer med enstavelsesord, og de bruker runde religiøse glosor som ingen realitet har. — Det var altså i T-fjord. Det var de tilvante svar: «Gud elsker oss». «Vi er syndere». «Kristus har frelst oss». Dessverre blev jeg ivrig — i den gale betydning av ordet — og vilde ha hull på dette gummiprattet. En 12-års pike stod foran mig, mørkøid, god.

— Hvad heter du?  
— Lajla.

— Du sier at Gud elsker dig?  
— Ja.  
— Men hvordan kan du vite det?  
— Jo.  
— (Ivrig!) Men hør nå her, Lajla. Du vet at jeg er biskop. Nå sier biskopen til dig: Lajla, Gud er ikke glad i dig.

Søkkende stilt i kirken. Barnet så ned i gulvet. Jeg tenkte: dette var galt.

Så setter Lajla plutselig de mørke øinene rett på mig så sterkt at jeg kvakk alt før hun talte, og så sa hun så høit at hele kirken hørte det og med en fabelaktig myndighet:

— ÅE veit det lik'væl!

Det er unødvendig å skildre virkningen. Publikum, prester, alt var forsvunnet. Lajla førte oss inn i en samtale som til sist tok også benkerade lydelig med, vi blev som en søskenflokk som snakket om Far. For Lajla hadde demonstrert noe som ellers bare er et emne, hun hadde åpnet oss alle sammen for troen. — Prosten sa etterpå: Nå vet jeg hvad tro er.»

— So langt biskop Berggrav.

For min eigen del vil eg skriva under på Lajla sin påstand. —

«Vi fikk livet —

fikk det givet.

Hvad fikk han som har betalt?

Jakob Neset.

**Hausvik og Faugstad %**

**Vaksdal**

Telefon 39 72 13

## Augustana

«Augustana — hvem er hun?» er ikke noe upassende spørsmål i år. Men så er det likevel ikke noen gammel dame det dreier seg om. Jubileringen gjelder Den augsburgske bekjennelse, på latin Confessio Augustana. Denne lutherdommens grunnlov ble til i Augsburg i Bayern i 1530 og skal feires samme sted til sommeren.

Men før det skal Augustana feires blant annet i Norge. I februar kommer boken i Oslo: «Augustana i en ny situasjon — hjemme og ute». Blant deltagerne er den svarte sør-afrikanske biskopen Manas Buthelezi.

Det er Mellomkirkeleg råd for Den norske kirke som gir ut studieboken «Gammel bekjennelse i unge kirker», i samarbeid med Presteforeningens studienemnd. Boken er følgen av et studiearbeid om luthersk identitet i unge lutherske kirker i Den tredje verden, og har bidrag blant annet fra norske misjonærer. Boken fås i Mellomkirkeleg Råd, Underhaugsveien 15, Oslo 3.

Den såkalte Teologidagen 25. april arrangeres av Mellomkirkeleg Råd. I tillegg til biskop Manas Buthelezi fra Den lutherske kirke i Sør-Afrika, kommer Yoshiro Ishida fra Det lutherske verdensforbunds studieavdeling og teologiprofessor Wenzel Lohff fra Hamburg. Norske innledere er professorene Inge Lønning og Leif Aalen.

Selve festen for Augustana går av stabelen i Augsburg i Bayern fra 22. til 29. juni. Representanter fra lutherske kirker verden over kommer, og arrangørene har allerede problemer med å få innkvartert alle som vil være

med. Gudstjenester, møter og forelesninger står på programmet, samt publikasjoner og nye oversettelser av jubilanten.

I september blir det ny samling i Augsburg; om mulighetene for at Den romersk-katolske kirke kan «anerkjenne» Augustana.

Ellers er jubileet allerede i gang rundt i verden. Fra Brasil til DDR, fra Indonesia til USA meldes det om konferanser, radioprogrammer, nyutgaver og seminarer. Lutheranerne i Frankrike gjør et helhjertet forsøk på å få det hele ut i menighetene. Studiegrupper har allerede lenge vært i gang med å finne ut hva Den augsburgske bekjennelse betyr for kristne mennesker i dag.

I Norge er det ikke planer om noen utgave av Augustana på moderne norsk. Studieopplegg for legfolk er heller ikke på trappene.

### FAST KONTORTID PÅ PRESTEKONTORET

Dale: Onsdag kl. 10.00 — 12.00  
Fredag kl. 16.00 — 18.00  
Telefon 39 61 20

Vaksdal: Torsdag kl. 10.00 — 12.00  
Telefon 39 7088

Mandag er prestens fridag.  
Når det gjeld vigslar og gravferder,  
har prestane kvar si tenesteveke,  
så langt som råd er.

### Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam  
Tlf. Dalekvam 39 61 61  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikkejakker og gensere

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

DALE, tlf. 39 63 21		
Måndag, tysdag,		
onsdag og fredag 8.30	15.00	
Torsdag ... ... 10.00	17.30	

VAKSDAL, tlf. 39 72 15		
Tysdag og fredag 8.30	15.00	
Torsdag ... ... 10.00	17.00	

STAMNES, tlf. 39 80 15		
Måndag ... ... 9.30	14.00	

**Bruvik Sparebank**

*Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella*

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforenin  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS  
SKOFORRETNING  
Dalekvam**

**Vaksdal koop. Handelslag  
V A K S D A L**

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**

**RADIOSPECIALEN %**

Dalekvam  
Tlf. 39 61 40

**R A D I O — T V**

**Reparasjonsverkstad**

**BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN %**

Dalekvam  
Tlf. 39 61 58

**K. S E I M**

**Kolonial & Delikatesse**

Dalekvam  
Tlf. 39 62 23

**BRUVIK HANDELSLAG**

**Ass. Landhandel og Bakeri**

FILIAL SKAFTÅ

**Arthur og Arne Vaksdal  
KVIKKBAR**

Dalekvam  
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

**Medbestemmelse**

— Menighetsrådet er i dag uten reell mulighet til å gjennomføre og følge opp de beslutninger som fattes på en rekke områder som menighetsrådet i dag har formelt ansvar for, bl.a. kirker, kirkegårder og personell som er ansatt i menigheten. Enda menighetsrådet er et demokratisk valgt og lovhjemlet organ, betraktes det mange steder bare som et kommunalt utvalg og knapt nok det.

Dette sier Kirkerådet i en uttalelse til «Utkast til lov om medbestemmelsesrett for ansatte i offentlig virksomhet». Denne loven skal ikke gjelde for kirken som er organisert under egen lov, nemlig Lov om Den norske kirkes ordning.

Kirkerådet sier at det er forståelig at kirken er holdt utenfor loven, men mener at det fremlagte utkastet på en spesiell måte aktualiserer behovet for endringer både av den nåværende kirkeordningslov generelt og av de kirkelig ansattes representasjon i de kirkelige organer.

Når den foreslår lov blir gjennomført vil den være et nytt indirekte vittnesbyrd om hvor akterutseilt og foreldet Den norske kirkes ordning er på en lang rekke punkter, og ytterligere understreke det uklare arbeidsgiver/arbeidstakerforholdet som er tilstede i Den norske kirke, heter det i uttalelsen fra Kirkerådet.

Kirkerådet mener også at det heller ikke på sentralt hold er etablert ordninger som egentlig sikrer kirkelige organer utenfor departementet medbestemmelse i vanlig demokratisk forstand.

— Det er til nå heller ikke registrert tegn som tyder på at man er interessert i å sikre en slik medbestemmelse, heter det i uttalelsen.

Kirkerådet minner også om at det etter nåværende ordning bare er prester som er sikret plass i de kirkelige organer. Uansett hvor viktig prestetjenesten er for kirkens arbeid, er det nødvendig å sikre at også andre kirkelige ansatte blir representert i de kirkelige organer på alle plan, mener Kirkerådet.

**Frå kyrkjebökene**

**DØYPTE:**

**DALE:**  
Marit Selberg Sigurdson, f. 17.10.79,  
døypt 3.2.

Lisbeth Takvam Mjelde, f. 23.8.79,  
døypt 17.2.

Irmelin Brandt, f. 27.11.79, døypt 17.2.

**STAMNES:**

Thomas Brekkhus, f. 14.1.80, døypt  
16.3.

Anette Reigstad, f. 29.11.79, døypt 3.2.

**VAKSDAL:**

Brita Fossdal, f. 1.10.79, døypt 24.2.

**VIGDE:**

**DALE:**  
Magnar Andreassen og Ingrid Meland,  
vigde 8.3.

**AVLIDNE:**

**DALE:**  
John Rasmussen Låstad, f. 17.12.1892,  
død 14.2.1980, gravlagd 22.2.

Martin Søvik, f. 14.4. 1893, død 27.2.  
1980, gravlagd 8.3.

Olivia Kristina Søvik, f. 2.6.1894, død  
25.1.1980, gravlagd 2.2.

**STAMNES:**

Johannes Berget, f. 13.1.1904, død 1.2.  
1980, gravlagd 9.2.

**VAKSDAL:**

Johannes M. Vaksdal, f. 25.10.1900,  
død 16.1.1980, gravlagd 23.1.

## Klipp av eit brev frå misjonsmarka

Det kom brev frå Norge. Brevet fortalte at bestemor var død. Tankar og gode minner strøynde på:

— Bestemor som lærde meg å strikka og sy, lesa og skriva før eg byrja på skulen. Bestemor som fortalte Bibelhistorie og lærde meg salmar og songar, som festa seg i sinnet og sit der enno. Bestemor som las til meg om misjonen og som tok meg med i misjonsforeininga. Bestemor som i alle år bad for meg — eg kunne vera trygg på at om alle andre gløymde meg, hugsa ho meg dagleg i bøn til Gud.

Det var så underleg stille. Så kom det: ei bestemor som kunne strikka og sy, lesa og skriva — ei bestemor som kunne fortelja om Jesus, som kunne læra frå seg salmar — ei bestemor som bad for ein. «Er du klar over kor heldig du er?»

I eit glimt såg eg kor heldig eg er, kor rik eg er, som hadde ei slik bestemor.

Dei som sit framfor meg med undring i sinnet, er alle førstegenerasjonskristne. Ingen heime fortalte dei om Jesus, ingen heime bad til Jesus for dei, ingen heime støtta dei då twilen braut på. Det var som ei ukjent verd opna seg for dei.

«Veit du kor heldig du er?» Eg måtte vedgå at eg ikkje hadde sett det klart før, hadde teke det alt som ei sjølvfølge. Så måtte eg takka for den nåde og rikdom det er å veksa opp i eit land der Guds Ord har blitt forkynt i mange, langt år, og er ein del av daglelivet. Takken munnar ut i ei bøn for folk og land der heime:

«Gud, gje oss å ikkje kasta vrak på denne rike arven, men bera han vidare», og i ei bøn for lærarane som sit framfor meg: «Gud, gje dei nåde til å vera i mors og fars, i bestemors og bestefars stad når det gjeld å visa borna vegen til Jesus.»

## Velkommen til kyrkje

### 2. søndag etter påske, 20. april:

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd.

Dale kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd.

### 3. søndag etter påske, 27. april:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Soknepр. Steinnes.

Eidsland kyrkje kl. 17.00. Soknepр. Steinnes.

### 1. mai:

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.

Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

### 4. søndag etter påske, 4. mai:

Dale kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til soknerådet.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste ved res. kap. Lofthus. Offer til soknerådet.

### 5. søndag etter påske, 11. mai:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til Santalmisjonen.

Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste ved res. kap. Lofthus. Offer til Sundagsskulen.

### Kristi Himmelfartsdag, 15. mai:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd.

Flatekval kyrkje kl. 11.00: Soknepр. Steinnes.